



Retningslinjer for godtgjersle til styremedlemmer i Hardangerviddatunnelene as, godkjent i Generalforsamlinga 02.06.2026.

1. BAKGRUNN

Selskapet.

Hardangerviddatunnelene as er eit heileigd interkommunalt ideelt aksjeselskap, oppretta i 2012, registeret i Brønnøysund med Organisasjonsnummer 999 178 812. «Selskapet har som hovedformål å arbeide for å realisere miljøtunneler over Hardangervidda. Tunneler vil gi sikker helårsvei øst-vest, åpne arealkorridor for villreinen sør-nord og sikre totalberedskapen mellom Vestlandet og Østlandet.»

Styret.

Styret i selskapet kan ha inntil 9 medlemmer med personlege varamedlemmer og 2 års funksjonstid, formelt valde av Generalforsamlinga. Tradisjonen har vore at eigarkommunane utnevner sine kommunale styrerepresentantar ved oppstart av ny valperiode, og supplerer ved avgang. Tradisjonelt har dette vore ordførar/varaordførar/kommunestyremedlem. Eidfjord kommune og Hol kommune har 2 representantar kvar med vara, Ulvik herad og Ullensvang kommune utnevner og deler 1 representant og 1 vara. Ål kommune og Nore og Ulvdal kommune utnevner og deler 1 representant og 1 vara. I tillegg utnevner ei privat aksjons-/støttegruppe 1 representant og 1 vara.

Godtgjersle

Sidan kommunane betalar drifta av selskapet, har selskapet ikkje hatt utgifter til styrehonorar. Selskapet har heller ikkje betalt møte-, konferanse- eller reiseutgifter for styremedlemmene. Styremedlemmene har sendt sine krav til kommunen/organisasjonen sin. Endra styresamansetjing har gitt behov for at selskapet godtgjer styremedlemmer for faktiske utgifter for deltaking i møter/konferansar/reiser, etter eigne retningslinjer.

2. RETNINGSLINER.

Styrehonorar.

Styremedlemmer har ikkje styrehonorar.

Godtgjersle.

- Ordførarar og varaordførarar, som møter for selskapet, er også representant for eigen kommune og søker kommunen sin for dekning.
- Andre styrerepresentantar, som møter kun for selskapet og ikkje også for ein kommune, kan søkja om møteutgifter og reiserefusjon frå selskapet etter statens reiseregulativ.
- Styreleiar godkjenner på førehand styremedlemmene si deltaking på eksterne møte/konferansar når dei møter kun på vegne av selskapet. Selskapet betaler påmeldingsutgifter.
- Reiseutgifter i forbindelse med styremøter og andre møter vert sende selskapet ved dagleg leiar til utbetaling. Det skal leggjast til rette for samkøyring dersom fleire skal til samme arrangement.